

## Undervegs møte- Detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering Flatøy

Møtedato: 06.12.2017

### Møtedeltakere

**Meland kommune:** Ingrid Raniseth, Kristin Nåmdal

**Statens vegvesen, forslagsstiller:** Ståle Furnes, Hege Løtveit, Håvard Dyrkolbotn


**Sweco As, konsulent:** Marius Tonheim

På møtet gjekk SVV gjennom skisser for utforming av kollektivknutepunkt, parkeringsareal, gs-løysingar og kva som er planlagt i 1. byggetrinn i henhold til Nordhordlandspakka.

Videre vart det avtalt at kommunen innan kort vil gje tilbakemelding på løysingane som vart presentert på møtet slik at ein kan gå vidare med planarbeidet.

I skjema under er kommunen si vurdering til dei løysingane som no ligg føre:

<b>Tiltak</b>	<b>Administrasjonen si vurdering</b>
Kollektivknutepunkt	<i>Ingen ytterlegare kommentar</i>
Innfartsparkering	<i>For midlertidig parkering under utbygging kan parkeringa ved bussterminal på Frekhaug nyttas, samt parkering v/ blandeverket på Flatøy. Elles undersøke vidare om Framo AS har ledig areal til parkering.</i>
Gang- og sykkelveg Nordhordlandsbrua-kulvert	<i>I følgje skissa er gs-vegen ikkje separert i 1. byggetrinn, men teikna inn som fortau/gangareal. Gs-vegen ligg i nær tilknytning til planens hovudformål, dvs. mellom parkering og kollektivknutepunkt og det vil vere naturleg at gs-vegen vert opparbeidd samstundes med desse.</i>
Gang- og sykkelveg Frekhaug-Knarvik	<i>I møtet fremja kommunen ønskje om at denne trasèen vert opparbeida som regulert i 1. byggetrinn. Statleg støtte som tilskuddsordning for økt sykling eller andre midlar kan bidra til å realisere vegen.</i>  <i>Innspel etter internt møte er kor vidt ein har sett på moglegheitene for at sykkelvegen, frå fotgjengarovergangen i nord til rundkøyringa, kunne lagt på motsett side og brukt dagens overgang v/rundkøyringa for betre kurvatur? Sjå bilete under.</i>

	
Gang- og sykkelbru	<i>Gang- og sykkelbru bør reguleras/stiplas inn i denne planen.</i>
Fotgjengerovergang	<i>Fotgjengerovergangen i sør vert hovedtilkomst for dei som kjem frå Holsnøy og vert viktig for mobiliteten i aksa Frekhaug-kollektivknutepunkt både for gåande, syklende og dei med nedsett funksjonsevne.</i>
Kopling hurtigbåt	<i>Kulvert under Nordhordlandsbrua bør reguleras/stiplas inn i denne planen.</i>
Sykkelparkering	<i>Det må setjast av areal til sikker sykkelparkering. Dette er eit satsingsområde for HKF, Inge Edvardsen er kontaktperson her.</i>

**Anna:**

- Kontinuerleg dialog når det gjeld det parallelle planarbeid med Midtmarka/Rotemyra
- Kommunen ønskjer gode gang- og sykkelforbindelsar i aksa Frekhaug-Knarvik

**Framdrift:**

- Nytt undervegsmøte (ultimo januar) når veglinjene i planen er meir låst og det føreligg forslag til føresegner, planomtale, plankart
- Det er ønskjeleg med ein framdriftplan for prosjektet og kortid ein forventar å levere planforslaget til 1. gongs handsaming.

Med helsing

Ingrid Raniseth  
Plansakskonsulent